Likevel finst det mange ord der det vil vere vanskeleg å kvitte seg med suffikset *-inne*. Vi vil vel framleis tale om *elskar* motsett *elskarinne*, om venn motsett *venninne*, *svoger* motsett *svigerinne*. Vi hadde før *meierist*, og vi har framleis *meierske*. Men *meierist* er i fagspråket no skift ut med *meieriteknikar*, og det er mogleg at dette ordet også med tida vil tevla ut *meierske*.

*Kvinneleg* blir ofte brukt framfor ord med hankjønns~~genus~~: *kvinneleg* journalist, *kvinneleg* politikonstabel. Men ordet har sidetydinga «feminin». Ein *kvinneleg* revisor tyder derfor også: «revisor av hankjønn med feminine eigenskapar». Sidetydinga bør likevel ikkje vere til hinder for bruken av «kvinneleg» og det tilsvarande ordet «mannleg» i kjønnsmerkjande samanhengar. Men i mange tilfelle vil *-kvinne* vere ei grei løysing, t.d. i *politikvinne* (notert frå Aftenposten) motsett *politimann*.

## B. Ordtypar som meir eller mindre tydeleg uttrykkjer seksuelt kjønn.

Ordet er her i regelen siste samansetningsleddet dersom det ikkje er usamansett. Men det kan òg stå som første delen av eit samansett ord.

Det vil føre for langt her å komme inn på alle desse orda, men vi nemner desse: 1) hankjønn: *-bror*, *-bukk*, *-dreng*, *-far*, *-gut*, *-herre*, *-kall*, *-kar*, *-mann*, *-onkel*, *-svein*. 2) hokjønn: *-dame*, *-fru(e)*, *-frøken*, *-geit*, *-jente*, *-kjerring*, *-kone*, *-kvinne*, *-mor*, *-møy*, *b-pike*, *-syster*, *-tante*, *-taus*, *b-tøs*.

Det er særleg ordet *-mann* som skapar problem i dag. I norrønt heite det *madr* og kunne stå for «meneske» (av begge kjønn). Vi finn der både *kvennmadr* (kvinne) og *karmadr* (karmann). Men i norrønt står *madr* like mykje for person av hannkjønn, motsett *kona*, som er person av hokjønn. Døme: *hirdmadr*, motsett *hirdkona*, *landnamsmadr*, motsett *landnamskona*. For *mann* ser det ut til at det i samansetningar ofte har eit seksuelt innhald, jfr. *enkjemann*, motsett *enkje*, *kontormann*, motsett *kontordame*. Åleine er *mann* eit individ av hannkjønn. Den seksuelle tydinga kjem også fram i ei rekkje yrkesnemningar — av di dei yrka det gjeld, har vore typiske mannsyrke. Men rekrutteringsgrunnlaget er i ferd med å endre seg i og med at kvinner meir og meir kjem inn i slike stillingar. For å nå fram til kjønnsnøytrale nemningar kan det tenkjast 3 løysingar:

1. Ein kan halde fast på «-mann». Då vil «-mann» som yrkesnemning meir og meir få tydinga «meneske» etter kvart som det kjem kvinner inn i stillingane. I samansetningar har vi mange slike døme på at «-mann» har kjønnsnøytral tyding: «ho er mellommann (likemann, kjøpmann, oppmann, fagmann, talsmann, kjentmann)». Eller i «allmannamøte», «mannsalder», «nordmann», «landsmann», «manggard» osv. Denne løysinga er ikkje grammatisk kjønnsnøytral.
2. Ein kan skifte over til andre ord, t. d. «-sjef», «-leiar», «-styrar» el. l. Men heller ikkje desse orda er grammatisk kjønnsnøytrale.
3. Ein kan gå bort frå bruken av «-mann(en)» i sjølve namnet på den institusjonen det gjeld. Praktisk døme: «Riksmeklingsmannen» kan kallast «Riksmeklingskontoret», og dette kontoret kan ha ei «riksmeklingskvinne» eller ein «riksmeklingsmann» til leiar. «Sivilombodsmannen» kan kallast «Sivilombodet», men den som styrer ombodet kan kallast «sivilombodskvinne» eller «sivilombodsmann» — alt etter kjønn. Når vi no skal få ein særskild fylkesadministrasjon ved sida av statsadministrasjonen i fylket, kan det vere ein tanke å skilje mellom «Fylkeskontoret» og «Fylkesstatskontoret». Som leiar for «Fylkeskontoret» kan vi ha ein «fylkesråd», og dette kan svare til «kommuneråd» (ikkje «rådmann») som er leiar for «Kommunekontoret». «Råd» er eit seksuelt nøytralt ord (jf. *statsråd* Inger Louise Valle og *statsråd* Ingvald Ulveseth). Som leiar for «Fylkesstatskontoret» kan vi anten ha ei «fylkeskvinne» eller ein «fylkesmann» («Ebba Lodden er i statråd i dag utnemnd til fylkeskvinne i Aust-Agder»).

Det er sikkert at vi i seinare tid har fått ein auka bruk av «-kvinne» i samansetningar, t. d. *fråhaldskvinne*, *høgrekvinne*, *føregangskvinne*, *milorgkvinne*, *bondekvinne*, *politikkvinne*, *stortingskvinne*, *planteskvinne* (som er vanleg yrkesnemning i planteskular ved sida av *plantemann*). *Forkvinne* er på full marsj inn i språket og har t. d. vore brukt i nøytrale reportasjar i NRK.

## Nvtt prinsippprogram for Noregs Mållag

Styret i Noregs Mållag sette hausten 1973 ned ei nemnd som skulle revidere prinsippprogrammet frå 1967. Nemnda har nylig lagt utkastet sitt fram for styret, som på si side har sendt det vidare til lokallaga uten tilråding. Laga har fått frist til 1. mai med å komme med merknader. På det grunnlaget vil så styret lage si tilråding til landsmøtet i sommar.

Programmet er trykt i Gula Tidend i febr. 1975 (riksutgåva for Noregs Mållag og Kringkastingsringen). Vi rekk ikkje å komme med noen utførlig omtale av utkastet i dette nummer av bladet, men vil gjerne ha sagt dette:

I Landslaget for språklig samling vil vi følge det vidare arbeidet med det nye prinsippprogrammet med stor interesse. Det er klart at den nye lina Noregs Mållag nå ser ut til å ville slå inn på, kan få betydning for vårt arbeid i åra som kjem. Dersom NM vedtar den såkalte «eittspråkstrategien», bygd på nynorsknormalen, må vi rekne med større oppslutning om samlingstanken i målstriden, og såleis framgang for vårt lag. Det er mange sindige målfolk som syns det går for vidt når mållagsideologar nå kjem trekande med det gamle slagordet om nynorsken — slik han er i dag — som «einaste riksmålet i landet». Det er for urealistisk.

Vi tillet oss å gjengi 4 av dei 21 punkta i programutkastet:

1. Noregs Mållag vil arbeida fram mot eitt norsk skriftmål som byggjer på målføra i bygd og by.
2. Noregs Mållag legg det nynorske skriftmålet til grunn for arbeidet sitt, avdi dette skriftmålet er samnemnaren for dei norske målføra i bøyingsformer, setningsbyggnad og målbruk.
18. Noregs Mållag kjenner ansvaret for at nynorsken skal bli ein stadig betre reiskap i massemedia, litteratur og vitskap. Det må opnast for større fridom i ordval, slik at fleire dialektformer og ord av framandt opphav som er godt innarbeidde i målføra, får rom i nynorsk normalmål.
20. Noregs Mållag vil stø arbeidet for å halda oppe folkemålsformene i bokmålet.

Fagnemnda meiner at det må vere ei sak for politikanane og styresmaktene å velje løysing i denne saka.

Når det gjeld pronomet «han», vil fagnemnda peike på at pronomenet «den» ofte må kunne brukast som ei kjønnsnøytral løysing.

19.11.74

Magne Rommetveit.

– Av Helge Sandøy: –

## Den nasjonalistiske M-L-dogmatikken støyter folk bort frå målreisinga

*Helge Sandøy hadde i vinter eit interessant innlegg om dette emnet i Dag og Tid. Vi har fått samtykke til å gi att innlegget her:*

Det er lett å bli blenda av enkle teoretiske modellar, men det blir ofte vanskelig å bruke dei på dei verkelege tilhøva. Marxist-leninistane som i dag strevar med å bruke Stalin på den norske språktilstanden, må omtolke røyndommen for å få teorien til å stemme. Det språksynet dei legg for dagen, er nasjonalromantisk og har ein del felles med det synet junggrammatikarane i førre hundreåret gikk ut ifrå. For dei var språket som ein biologisk organisme, det hadde si særeigne oppbygging som var lovbunden og i indre harmoni. M-l-arane talar upresist om «grunndraga» i språket, blir dei skipla, dør språket. Grammatikken, sjølv livskjernen, kan ikkje endras, og dansk kan umoglig bli norsk, seier Jostein Mykletun i DT nr. 86.

Med å tale om at dansk står imot norsk, slik Mykletun gjør, innfører han ei falsk motseiing, som vil grave grunnen unna den ideologien og strategien målrørsla bygger på i dag. At vi må forklare mye i målføra i dag med å vise til dansk og hanseatisk underkuing fram igjennom tidene, må vi godta. Det nyttar lite å ta hemn på historia. Vi må godta talemåla slik dei er, som norske. Det er utgangspunktet når vi skal skape eit norsk skriftmål, og når vi skal vurdere dei skriftmåla vi har i dag.

Gjør vi det, vil vi sjå at verken bokmålet eller nynorsken er fullkomne uttrykk for folkemålet. Ja, i somt er bokmålet rett og slett ein forkjempar for det folkelige, så kjetersk det enn høres ut! Medan vi t. d. kan bruke heit- og else-orda våre i bokmålet nett slik vi gjør i talemålet, så må vi på nynorsk fjerne oss frå levande mål.

Både på bokmål og nynorsk kan ein skrive kansellistil, samtidig som ein kan skrive norsk og folkelig på begge måla. Om vi har to rettskrivingar, har vi ikkje to absolutte motsetningar. Norsk og unorsk (les: folkelig og ufolkelig) er avhengig av bruksmåten. Berre noen få verdlause bokstavar treng idag skilje bokmål og nynorsk om ein kan å utnytte rettskrivinga.

### *Idealisert*

For Mykletun er bokmålet i dag dansk, utan atterhald. Han har dermed skapt ein idealisert tilstand. Ville han berre røkje etter i dei verkelege tilhøva, ville han lett oppdage at til og med Aftenposten-varianten av bokmålet har endra seg frå sitt opphav. Det gjeld både ordforråd,

formverk og setningsbygning.

Modellen til Stalin gjør det óg umogleg å forstå at vi kan sjå på Skandinavia som eitt ein-skaplig språkområde som er delt i eit utal dialektar med gradvise overgangar. At vi har fått tre nasjonal mål, kjem av historisk-politiske årsaker, ikkje språklige. Når dansken vann så lett innpass som litteraturmål og klassemål i Norge, er ei blant fleire årsaker at dansk hadde sterke likskapar med norsk.

Junggrammatikarane fikk dødsstøyten da målføregranskinga vann fram, og dei blei møtt med den verkelege språktilstanden. Språkforskarane såg da at språket ikkje var ein organisme, men det måtte forklarast som eit sosialt fenomen. Eg undras på korleis Mykletun vil forklare endringar i språket. Grammatikken i norsk er sterkt endra frå gammalnorsk tid, og berre frå Aasens dagar er sentrale drag i nynorsk skriftmål blitt forandra. Har vi same språket? Når har vi overgang frå eitt mål til eit nytt?

### *Glømmer sosialismen*

M-l-arane har visst glømt sosialismen når dei diskuterer språk. Mykletun seier at eit *fåtal* i Norge har «objektiv interesse av å halda oppe eit utanlandsk mål...» Så forvridt kan bildet bli. Dette *fåtalet* vil ikkje halde oppe eit språk av di det er utalandsk, men av di det er klassemærket deira. Det er den motsetninga som må vere utgangspunktet vårt. Mykletuns forfalsking er ei farlig blindgate. Han drar óg inn England som døme. Der er det ingen som «har interesse av å halda oppe eit utalandsk mål». Det er vel uinteressant frå vår synsstad. Vi burde heller sjå på kor tydelig klassemotsetnadene i England gjenspeglar seg i språkbruken. Da blir det ikkje noe mønsterland.

Mykletun skriv slik at ein skulle tru målrørsla («eit par titusen organiserte målfolk») stør synet hans. At m-l-arane vil arbeide for synsmåtane sine innafor Noregs Mållag, kan vi forstå. Men det er utillatelig å bruke slik sniktaktikk som dette. Vinn det nasjonalistiske synet hans igjenom i NM, vil mange falle frå, og den godviljen målrørsla har vunne i breie krinsar dei siste åra, vil forsvinne.

### *Skapar vanskar for dialektreisinga*

Følgjene av argumentasjonen til m-l-arane vil bli at vi får vanskar med å grunngi ei dialektreising. Ei norskdomslinje vil vanvørde somme drag i talemålet, og noen dialektar vil bli sette høgre enn andre. Dessutan blir det umogelig å skape eit samarbeid med dei som bruker eit ra-

Magne Aksnes:

## Nynorsken i NRK og andre stader

Signaturen P. H. i «Gula Tidend» gikk nylig til angrep på nynorskmedarbeidarane i NRK og beskyldte dei for slurv og dårlig ordvalg. Han rekna opp ei rekke ord som eksempel på «slag i målet», bl. a. *forhold, situasjon, komite, forslag, beskjed, forskjellig, opprette, bekymra, sjølbestemt, innstilling* osv.

Kva skulle være i vegen med desse orda?

Dei høyrer alle med til folkelig dagligtale over heile landet, og det er ei stor mistyding om noen skulle tru at dei ikkje er fullt gangbare i normal nynorsk. Naturligvis vil ein ofte *varierte* målbruken og nytte tilsvarende ord som *tilhøve, stode, nemnd, framlegg, melding, ymse* osv. Men det er vel ikkje meininga at ein i NRK alltid skal måtte bruke dei heilnorske variantane, uansett om dei høver inn i sammenhengen eller ikkje?

Dei fleste målfolk vil sikkert gjerne foretrekke dei heilnorske orda så langt råd er, men ingen ønsker vel at dei skal bli ei *tvangstrøye*. Den tida er forlengst forbi da nynorsken måtte tviholde på sine egne ord og vendingar rett og slett for å markere seg som ei særskilt målform ved sida av bokmålet. Denne konsolideringsperioden bør nå være slutt. Tida er inne til ei liberalisering og folkeliggjøring av ordtilfanget i nynorsk.

Ein kunne rekne opp hundrevis av ord og uttrykk som har vore rekna som «dårlege», men som vi nå må erkjenne vi ikkje kan klare oss uten, om vi skal kunne holde oppe nynorsken som ei brukbar målform for ungdommen av i dag. Ein kunne nemne ord som *anbefale, bekjempe, betrakte, bevisstgjøre, motbevise, angå, bety, avhenge av, erfaring, virkelighet, mulig-*

dikalt bokmål på vegen fram til eit folkelig norsk skriftmål.

I målrørsla må vi peike på at nynorsken gir det beste utgangspunktet for å skrive folkelig, av di den representerer eit tradisjonsbrott med kansellistilen i bokmålet. Radikalt bokmål er i dag så lite utvikla at alle som vil ta det i bruk, må igjennom ein kamp mot den stilkjensla bokmålstradisjonane ber på. Men det er dogmatisk å hevde at det er umogleg å skrive norsk innafor bokmålsnormen. Det er mange i dag som prøver av di dei ser dei sosiale motsetnadene avspegle seg i språkbruken, i dei ymse variantane av bokmålet óg. Dei er våre kampfelagar. Med nasjonalistisk dogmatisme støyter vi dei ifrå oss og gjør kampen for eit folkelig mål ei bjørneste.

*het, overlegenhet, innflytelse, belastning, hensikt* osv.

Det har vore presisert gang på gang frå høgste hold at *alle* norske ord er brukande både i nynorsk og bokmål, så sant dei passer inn i teksten, uansett om dei står i ordlistene eller ikkje. Det er just ikkje slik å forstå at ord som ikkje står i ordlista, er forbudt.

I ein annen stilling kjem *ortografiske avvik* som *samme, sammen, ellers, mulig, sjøl, mandag, tirsdag, rød, uaktsom, skjære, være, bære, valg, salg* og mange andre. Desse stavemåtane er foreløpig ikkje godkjent i nynorsk, men dei bør bli det så snart som mulig. Forma *Norge* burde også tas inn i normalen v.s.a. den noe alderdommelige forma *Noreg*.

Nynorsk ortografi er i det heile akterutseilt i forhold til den raske utviklinga som har skjedd i talemålet hos den yngre generasjonen av nynorskbrukarar. Ei justering vil og må tvinge seg fram.

Dagsnyttopplesarar og andre som bruker ein normalisert nynorsk, har ein tendens til å redusere endevokalen *a* i retning av *e*, t.d. i hankjønnsord av typen *hestar*. Det samme gjelder forresten og presensformer av svake verb av typen *kastar*. Dette er språklig sett ei svært naturleg utvikling, som sikkert vil forsterke seg etter kvart. Den dagen er ikkje lenger så fjern da ein vil måtte ta konsekvensen av dette og godkjenne *hester/kaster* i nynorsk.

Personlig trur eg det har lite for seg å fortsette å kjempe for ein særskilt nynorsk ortografi og eit spesifikt nynorsk ordforråd av det gamle slaget. Kampen bør nå konsentreras om å berge *a*-endingane, diftongane og ein ekte norsk syntaks med over i framtidnorsken.

La oss vende tilbake til vestmennene sitt syn på ordtilfanget eit øyeblikk. Det kan være grunn til å presisere følgjande: Vi samnorskfolk ser ikkje på dansk som «eit framandt mål». Vi ser både norsk, svensk og dansk som nærskyldige målformer innafor den nordgermanske språkstamma. Skilnaden i formverk, ortografi og ordtilfang er ikkje større enn at vi forstår kvarandre godt i dei skandinaviske landa. Altså er det liten grunn til å snakke om ulike *språk*. Tysk og engelsk er og germanske språk, og vi kan ikkje sjå at det er verre å låne ord frå desse språka enn frå latin og gresk.

P.H. vedgår at ein stor del av det såkalte tysk-danske ordforrådet blir brukt i dagligtalen også hos dialekttalende. Da er det meir enn merkelig at han meiner orda ikkje høyrer heime i den nynorske skriftnormalen. Er det ikkje slik at dialektane skal komme til heder og verdighet nå, og bli respekterte som aldri før? Korleis kan ein hevde at nynorsken bygger på det levande talemålet om heile dette viktige og uunnværlige ordtilfanget framleis skal utelukkast? (At sub-

stantiv på an-, be-, -het og -else ikkje glir naturlig inn i dagligmålet, er ein påstand som absolutt kan diskuteras.)

Skal nynorskskrivande framleis måtte sitte og klø seg i hodet for å prøve å finne fram til ord og uttrykksformer som er norske nok? Kan ein vente at travle menneske i dag skal ta det bryet når dei har bokmålet som eit nærliggande alternativ?

Signaturen P. H. belærer oss så greitt om substantivsk kontra verbal uttrykksmåte. Men det er ingen grunn til å begrense dette problemet til nynorsk. Forholdet er nøyaktig det same i bokmål, dansk og tysk. Bokmålet på sitt beste er og ei verbal målform (jfr. Fønhus). På den andre sida finner ein ofte tung og klossete nynorsk.

P. H. er dessverre ikkje den einaste som kjem med utfall mot NRK-medarbeidarane, som gjør sitt beste og prøver å nytte ei moderne og ledig norsk målføring i samsvar med utviklinga — som forlenget har gjort grensene mellom målformene temmelig diffuse. Vi har i alle år hatt desse konservative talsmennene, «som krev at skigarden skal haldast i akt og ære», slik Olav Dalgard sa det ein gong. På den måten ville vi nok få ein *eksklusiv* nynorsk, men han ville og bli svært så *ufarlig*.

På bakgrunn av det eg har hevda ovafor, vil eg holde fast på det synet at nynorskfolka i NRK gjør ein god jobb — stort sett. Eg vil håpe at konsulent Rommetveit ikkje vil ta altfor mye omsyn til den stadige sytinga og klaginga frå konservativt nynorskhold. Han er vel og klar over at det store fleirtallet av målfolk framleis står på samnorsklinja og såleis ikkje ønsker noe tilbakesteg i den gledelige utviklinga vi har hatt i nynorsk målbruk i dei seinare år.

## Den utstrakte hånd

Seminalet forrige søndag gav meg dessverre en bestemt fornemmelse av at riksmålsbevegelsen tror den er sterk nok til å tolke det første liberaliseringsvedtak som et svakhets-tegn hos alle oss andre, og til å kreve at vi skal bøye oss for dens ultimative krav. I denne vurdering av sin egen styrke er jeg overbevist om at bevegelsen tar feil.

Det er nok mulig at dens *ultras* – de som intet har lært og intet har glemt – kan provosere fram en ny, bitter språkstrid. Men *klimaet* er etter mitt skjønn i dag slik at dette utelukkende vil komme den helt motsatte fløy til gode. Der som riksmålsbevegelsens lavere tillitsmannskadrer – som endog til dels vil ta fra nynorsken dens offisielle, formelle likerett i vårt land – fortsatt skal tvinge bevegelsens ledere til en uforsonlig linje, kan vi komme til å oppleve en ny, hatefull 20-års periode, som ikke vil gagne norsk kulturliv.

Dersom en avspenning i Vogt-komiteens ånd skal komme i stand, må de tre fløyer: riksmålsfløyen, nynorskfløyen og

## Språklig sosialisme

Arbeiderbladet opna i januar spaltene sine for eit lengre ordskifte om språk og sosialisme. Utgangspunktet var eit innlegg av arbeidarpartimannen og riksmålsaktivisten Erling Granholt i Sandefjord. Hoveddebattantar var ein lektor Steffens og professor Sigmund Skard, men også andre deltok (Dagfinn Worren, Tove-Elisabeth Rosnæs, Ole Sethil m. fl.) Det var modig gjort av lektor Steffens å rykke ut til forsvar for riksmålssaka på så sviktande grunnlag. Som ventande var, kom han ingen veg med Sigmund Skard. Vi tar her med Skards sluttreplikk:

Etter tre lange artikler har lektor Steffens nått fram til sitt verkelege, nakne program. Det kan samlast i tre setningar:

1. Til vern om norsk kultur må riksmålet no stort sett forbli slik det er i si mest konservative form.

2. Dette «sprog» er etter sitt system ute av stand til å ta opp i seg det meste av dei folkenorske formene som er naturlege for fleirtalet av nordmenn. (Jamvel varsam fornorsking blir no ikkje nemnd med eitt ord.)

3. Dette folkefleirtalet må då, om lektor Steffens får sin vilje, freista læra «sproget» etter evne, og elles greia seg så godt dei kan.

Dette høyrest noko hardt og kaldt. Ein treng berre ikkje ta det for tungt. Det er nemleg gamle greier. Og historia har litt å trøysta oss med.

Dette med systemet og kulturen vart sagt om lag ordrett sameleis, og ofte med utruleg lidenskap, alt for 150 år sidan, då riksmålet enno var rein dansk, og somme djervingar slo på at det skulle sleppa inn litt norsk språkstoff. Det vart sagt ordrett opp att med same lidenskap femti år etter, då Ivar Aasen byrja med nynorsken og Knud Knudsen med fornorskinga. Det vart sagt sameleis ved rettskrivingane i 1907 og 1917 og 1936, og altså no atter i 1975.

Kvar gong hadde riksmålet nått si «endelege» form. Og kvar gong har utviklinga gått vidare i sin breie straum, og ført inn i skriftspråket meir av det folkenorske. Den strau-men skal endå mykje lenger. Og om lektor Steffens vil lyda litt etter dei vindar som blæs i dag, vil han kanskje ana at han og hans flokk ikkje no heller representerer hovudstrau-men, men berre ei bakevje.

Dei skal ikkje spottast for det. Også dei står for verdfulle tradisjonar, som må bli med i utviklinga. Og dei har det sikkert hyggeleg der dei er. Det kjennest godt for kjøt og blod å vita at ein representerer den kulturelle eliten.

Men no som før trur eg dei skal få med seg til kosetundene sine nokså få sosialistar.

«samnorskfløyen» alle være villige til å gi avkall på enkelte av sine kjepphester, og de må alle være villige til å forhandle i Språkrådets regi på fritt grunnlag og uten ultimative krav.

(Trygve Bull i Morgenbladet)

## HVOR STÅR - - -

når f. eks. ikke engang Arbeiderparti-pressas folk gikk til en bevisst og energisk motoffensiv, men stort sett overlot til sine stortingsrepresentanter å forsvare folkemålet uten å gi den helhjerta støtte, ja, så kan vi ikke vente anna enn at den store mengda av f. eks. industriarbeidere måtte bli et lett bytte for de konservative for ikke å si reaksjonære kreftene i målstriden – et lett bytte i den forstand at de – språklig usikre som de ofte *må* føle seg – «garderer» seg ved å snakke og skrive «finere» enn de gjør på arbeidsplassene. Så kan vi oppleve å høre arbeiderpolitikere, og det gjelder såvisst ikke bare folk fra DNA, som sier nu og etter og sne og tiden, ja, vi kunne tilmed lese at det var stifta en arbeidernes riksmålsforening!

Men så er det vel likevel riktig da at samnorsken har tapt? Jeg er sjølsagt klar over at vi alle mer eller mindre hører det vi gjerne vil høre og ser det vi gjerne vil se, men likevel våger jeg den påstanden at tvers gjennom foreldreaksjon og alle ytre tilbakeslag har samnorsken – tilnærminga mellom bokmålsfolk og nynorskfolk – gjort et godt steg framover. Det er i dag i skolene våre, og ikke minst i gymnasa, langt flere elever og lærere som snakker talemålet sitt – med gata og boka, med hoppa og dansa, med brøyt og skøyt, finni og detti, bært og skjært – for bare å nevne noe fra mine kanter. At nynorskelevne i minst like høy grad bruker et talemål som bryter med normalnynorsken og ofte samsvarer med det radikale bokmålet, vil neppe noen nekte for. At ikke elevene skriver så radikalt som de snakker, sier seg nærmest sjøl. (At mange gymnasiaster ikke er klar over hvor radikalt de kan skrive etter de reglene som nå gjelder, skulle kanskje tyde på en viss sabotasje fra enkelte lærere i grunnskolen?) Men også i de skriftlige arbeida til elevene finner vi nå stadig radikale former i mye større utstrekning enn tidligere. At vi også i de siste åra har fått folk som våger(!) å bruke talemålet sitt i NRK, og forfattere som bruker mengder av radikale former – og forlag som våger(!) å gi ut bøkene deres (jfr Dag Solstads «25. septemberplassen» på Aschehoug) – dette er òg tendenser som understøtter min påstand om at *samnorsken* trass i alt er på god vei.

Altså: Det vi kan kalle den offisielle tilnærmingspolitikken, syns ganske visst å ha stagnert, men den «uoffisielle» tilnærminga i folket går videre, og det er sjølsagt den som er den viktigste.

Men er så ikke dette hva vi ville kalle «fattigmans trøst er å trøste seg sjøl»? – og er det noe å by de unge i dag? Det var radikal ungdom som tok initiativet da Språklig samling ble stifta, og laget burde så avgjort være et mållag nettopp for de unge. De unge er imidlertid ofte utålmodige – og bør så absolutt være det –. De ønsker derfor også gjerne striden – og det bør de også gjøre. Vil da ikke den målinteresserte ungdommen si at det kan være vel og bra det jeg nå har framholdt, men vi ønsker å føre en mer aktiv kamp for folkemålet, og er da

Språklig samling noe brukbart redskap? Dette er avgjort et så viktig spørsmål at laget vårt må gi et velbegrunna svar på det. Vi skal ha landsmøte til høsten, og jeg vil henstille til medlemmene våre å tenke gjennom problemet til da – følge godt med i det som skjer, kanskje først og fremst i Norges Mållag, og gjøre seg opp ei mening. Bladet vårt står sjølsagt åpent for alle meningsytringer.

For eiga rekning vil jeg *foreløpig* gi dette svaret: Allerede som gymnasiast tenkte jeg som så at dersom jeg hadde hatt det minste håp om at nynorsken kunne bli det eneste språket i landet, ville jeg straks ha gått over til det. Da jeg så det som håpløst, var det bare én vei å gå: støtte den tilnæringsprosessen som har gått som rød tråd gjennom hele vår nyere språkhistorie – m.a.o. arbeide for *samnorsken*. Som jeg alt har klargjort – jeg ser absolutt ikke pessimistisk på situasjonen i dag, men jeg er likevel klar over at vi – også med det utgangspunktet jeg har – kan stille spørsmålet om vi ikke kan oppnå mer – også for *samnorsken* – ved å arbeide på andre måter, i andre mer direkte *stridsorganer* enn i det vesle laget vårt. Forøvrig er Språklig samling også en *stridsorganisasjon*. Vi fører etter fattig evne – og jeg skulle tru ikke uten visse resultat – en avgjort kamp mot Riksmålsforbundet, og bare den enkle tingen at vi har våre to representanter i Språkrådet som der kan støtte alle de andre som også står i en mer eller mindre erklært kampstilling til riksmålsfolket, skulle tale for at vi bør opprettholde laget vårt. Muligheten for å styrke det skulle dessuten så absolutt være der.

## Riksmålsintervju

*I Aftenposten for 22. februar i år har Erik Ege-land et heilsides intervju med formannen i Riksmålsforbundet, Knut Wigert. Det handler om mange ting, som rimelig er også teater, og vi får m.a. vite at Wigert anser det halvgode og artifiiselle som kunstens fiende nr. 1. Det er da heller ingen tvil om at han er en fin skuespiller.*

*Om arbeidet hans som riksmålsformann står følgende å lese:*

Nå brygger han på andre aksjoner i egenskap av ny formann i Riksmålsforbundet. Foreløpig er en forgjeldet bevegelse rettet noenlunde opp etter energisk kvisting og rydding av formann Wigert. Ellers har han her haltet forbausende stille i dørene. Det smertelige ganglaget som Knut Wigert ennu kamuflerer på scenen, skyldes tiltagende eftervirkninger av en hofteladd-skade han pådro seg som fallskjerm-kriger i Kompani Linge. Han venter at den vil sette punktum for skuespilleren, men kanskje aktivisere en instruktør i ham. Som altså nå riksmålsformannen.

Knut og Sofie Helene Wigert har hatt en markert dobbeltprofil som aktivister i sprogstriden. De ble sprogpolitisk vakt under Foreldreaksjonen og sprang helhjertet ut i ildlinjen. Knut Wigert samlet massene foran Stortinget som

# Ungdommelig målordskifte

«Dag og Tid» har dei siste månadene hatt eit friskt målordskifte, der kjente omgrep som nasjonalmål, skriftmål, talemål og dialekt er blitt drøfta grundig og frå mange synsvinklar. Dei fleste marxistane som har hatt innlegg, har lufta nokså merkverdige og høgst konservative synsmåtar. Men somme av debattantane står for eit velfundert samnorsksyn. Vi tillet oss å sakse eit par smakebitar:

## Helge Sandøy:

Om ord og uttrykk har sitt opphav i dansk eller tysk, må ikkje målaristokratane kalle det unorsk og uekte så lenge det er levande folkemål i dag. På same vis må vi sjølve òg innsjå at nynorsknormalen i dag ikkje er fullkommen av di den ikkje syner stor nok respekt for det levande talemålet. Vi vann ikkje tilhengarar med nasjonalistisk overmot. Folk vil heller kjenne harme fordi deires «eige mål vert vanvyrdd og utestengt» som Aarflot ordlegg seg.

Eg vil gjerne spørje Aarflot og Gabrielsen og andre som gjør åtak på den rettskrivingspolitikken nynorsken har følgd i dette hundreåret, om dei kan peike konkret på noe som kom inn i 1917–1938-rettskrivinga, og som det ikkje var grunnlag for i norsk folkemål og såleis skal ha øydelagt nasjonalmålet. Derimot kan ein godt finne døme på at

mange av folkemålsformene frå 1917 blei rydda ut att i 1938. Det gjaldt t.d. former mange austlendingar kunne identifisere seg med (m.a. «je»).

Aarflot kallar språkføringa mi for knot. Kva meiner han med knot? Eg hadde ønskt han kunne nemne med døme dei «svika» eg gjør mot norsk folkemål.

Vi strir for at folkemålet skal sigre i det framtidige norske skriftmålet. Difor er det uinteressant å tale om at nynorsken eller bokmålet «taper». Spørsmålet gjeld derimot å finne ein strategi som sikrar oss folkemålssigeren. Den største feilen vi kan gjøre i dag er å sjå så unyansert på språkstriden at vi gjør alle bokmålsbrukarane til våre motstandarar. Det er mange som brukar eit «radikalt» folkelig bokmål av di dei ser at den sosiale motsetninga, bruken av prestisjespråk, også kjem til uttrykk i dei ulike variantane av bokmålsrettskrivinga.

Bokmålsnormalen er i dag oppe til revisjon i ei særnemnd under språkrådet. Det er ein trugande fare for at dei reaksjonære får igjennom krava om t.d. jamstilling av felleskjønnsformene. Argumenterer vi ut ifrå falske motsetningar (dansk imot norsk, nynorsknormal imot bokmålsnormal) legg vi alle korta opp i hendene på riksmålsforbundet og svihtar dei som skulle vere våre kampfelagar, brukarane av folkelig bokmål.

## Geirr Wiggen:

### Bokmålet

Jeg forsvarer ikke bokmålsnormalen framfor nynorsknormalen. Tvert om har jeg uttrykkelig skrivi fleire ganger at nynorsken – gjennom målørslas *sosiale* grunnlag – har de beste forutsetningene for å utvikle seg til å bli en god landsnormal, et godt samnorsk. Kritikerne mine må imidlertid ikke glemme at vi i denne debatten også har hatt en diskusjon om *språkstruktur*. I den sammenhengen har jeg hevda at det ikke er noe i veien for at bokmålsnormen kan endres i folkelig lei like godt som nynorsken, *strukturelt* (eller teknisk) sett. Ei anna sak er det at det sannsynligvis ligger større *politiske* vansker til hinder for ei slik utvikling i bokmålet enn for nynorskens del.

I tillegg til dette har jeg brukt spalteplass til å få fram at bokmål kan være så mangt, sjøl innafor dagens norm. At s.k. «radikale» bokmålsformer er lite brukt til nå, kan ikke være noe argument for ikke å bruke dem.

## Ernst Håkon Jahr:

For det er viktig å skille mellom arbeid på kort sikt og arbeid for et endelig mål. Når Aasen jobba for å gjøre bokmålet lett for folk, var det et arbeid på kort sikt. Det bør vi også gjøre. Men innføring og bruk av landsmål over alt var det langsiktige målet for Aasen sjølsagt. Et slikt mål bør også vi ha, men da med en nynorsknormal som er langt mer tjenlig for alle folkemålsbrukere i landet enn den er i dag. Og normalen skal sjølsagt hente verken stiltradisjon eller noe annet fra utlandet eller fra overklassemålet. Men det som fins i dialektene som tales i landet i dag, må i størst mulig utstrekning med. Det må bli en romslig normal, og alle dialektene må stilles på lik linje nasjonalt sett. Det

en Lenin ved Vinterpalasset, og Sofie Helene Wigert medstiftet «Frisprog». Paret har nok i andre, sprogpolitisk komité-redne og mer flegmatiske dager hatt en tilbøyelighet til å mane den kamptiden frem, som Fyrstikkalléen sukker efter Oktoberrevolusjonen. Sindige hoder i riksmålsbevegelsen fant ikke en masse-preget aktivist-linje formålstjenlig og fraba seg lenge Wigert'enes tjenester i sentrum av tingene. Men nå forestår kanskje veteran-mobilisering og slag på skjold. Eller hva?

– Tidene har forandret seg. Riksmålsbevegelsen bør ikke drives tilbake til skyttergravene. Riksmålet må nå være åpent for påvirkning av folkemåls-formene. Riksmålsfolk har vært nødt til å opptre som sprogpuritanere, men bør ikke fortsette med det.

På den annen side må vi passe på ikke å bli bondefanget. Sprogvern-rådet har for eksempel ikke etterkommet det rimelige gamle krav om å tillate levende tradisjonelle riksmålsformer i skole og offentlig bruk. Vi står i en valgsituasjon: Skal vi arbeide gjennom de offentlige organer for riksmålets tarv, eller tvinges vi igjen til en kampstilling utenfor dem? Jeg håper å få istand et seminar av kyndige folk som kan kartlegge terrenget for riksmålet før Riksmålsforbundets årsmøte i Bergen i april.

– Mange lokalforeninger har sovnet inn. Skjer det noen rekruttering?

– Jada. I femtiårene ble folk drevet til handling av samnorskshærverket i skolebøkene. Nå skapes rekrutteringen til riksmålsbevegelsen og øket opplag i «Frisprog» av dårlig norsk i fjernsyn og kringkasting.

## LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Postboks 636, Sentrum Oslo 1.  
Medlemspenger, kr. 20,— pr. år.  
Postgiro 16 378.

**Formann:**

**Ivar Hundvin**

**Peter Kolstads vei 15, 3000 DRAMMEN**

### Av INNHOLDET:

Om vår språkutvikling

Johan Bojers artikkel fra 1938 .....	s. 1
Ola Halvorsen: Hvor står vi? .....	s. 2
Samnorsk (leder) .....	s. 3
Nytt fra Norsk språkråd .....	s. 5
Egil Røssaak: Biskopen og språket .....	s. 7

Om kjønnsnøytrale og kjønnskiljande ord, av Magne Rommetveit .....	s. 9
Nytt prinsippprogram for Noregs Mållag .....	s. 10
Helge Sandøy: Den nasjonalistiske m-l-dogmatikken støyter folk bort frå målreisinga .....	s. 11
Magne Aksnes: Nynorsken i NRK og andre stader ..	s. 12
Utstrakt hånd/språklig sosialisme (presseklipp) ....	s. 13
Riksmålsintervju (presseklipp) .....	s. 14
Ungdommelig målordskifte (presseklipp) .....	s. 15

nasjonalromantiske synet som utpekte de vestlandske mål-  
føra sammen med fjell bygdemåla som mest nasjonale pga.  
at mønsteret var norrønt, bør vi vera ferdige med nå.

#### *Nynorsken best*

Når det gjelder spørsmålet om bokmål eller nynorsk eller  
begge deler, så har jeg ment, og mener fortsatt, at nynorsken  
har de beste forutsetninger for å bli samnemeren for folke-  
måla i landet. Men et slikt syn står ikke i vegen for å jobbe  
med å folkeliggjøre bokmålet slik t.d. også Aasen gjorde.

Det synet jeg har lagt fram her, er det samme som mål-  
rørsla har lagt til grunn sia slutten av 1960-åra, og som  
har gitt rørsla ei ny oppblomstring. Når ml-erne nå prøver  
å ta hele målrørsla til inntekt for sitt reaksjonære nasjonalist-  
syn, kan de ikke oppnå annet med det enn å bringe *hele*  
målrørsla i vanry. Til nå har ml-erne gjort godt og dugande  
arbeid i målreisinga, alle er enige om det, men fortsetter  
de på det sporet de nå har slått inn på, og som har sitt  
utgangspunkt i skriftet «To vegar», vil de bare skade det  
gode arbeid de hittil har gjort.

## Ivar Aasen og – heit

Somme meiner visstnok at endinga *-heit* ikkje skulle være  
brukande på nynorsk (sjå t.d. det Helge Sandøy skriv på  
side 11, spalte 1). Kva seier så meisteren sjøl, Ivar Aasen,  
om dette? Her er kva han skreiv om det i ei utgreiing i  
1859:

«No er det Tilfellet, at dei, som hittil hava skrivet i Lands-  
maalet, hava teket det myket strengt med Reinleiken i Maa-  
let, so at dei inkje vilde taka slikt Laanegods inn i det; dei  
vilde freista paa det same, som Islendingarne hava gjort: at  
visa kor vidt eit Maal kann ganga utan Studning av andre  
Maal. Dei hava endaa voret so grannvare, at dei inkje vilde  
bruka den nyare Endingi «heit» (f. Ex. Friheit, Ærlegheit),  
endaa det var inkje større Skam at bruka «heit» i Norsken  
en «het» i Svensken og «hed» i Dansken. Det kann vera, at  
detta er for strengt, og at dei inkje venta, at andre skulo  
vera lika vandsame.»

### Den puristiske nynorsken

Eit argument som blei hyppig nytta av bokmålsfolket, og  
som nynorskefolket delvis sa seg samd i, var at mange av  
dei nynorske lærebøkene som finst, ikkje er gode nok. Dei  
meinte ikkje faglig, men språklig. Den nynorsken som er  
brukt i mange bøker, er for puristisk, for konservativ, for  
stiv, for vestlandsprega. Dette kan gjera det unødvendig  
vanskelig for elevane i Trøndelag – og på Austlandet og i  
Nord-Norge.

(Andreas Hompland om «Ein målstrid i Bygde-Norge».)

## FRIDA ANDREASSEN ETTF.

SKEI – SURNADAL



Kolonial – Kortevarer – Manufaktur